

Møtebok 5-24, Lykling sokneråd 8.05.24

Tid: kl 19:00 Stad: Finnås bedehus

Rådsmedlem:

Roald Drønen, Silje E. Oldereide, Sissel S. Gåsland, Hildegunn L. Stautland, Sverre Leon Larsen, Elisabeth H. Grønnevik, Lillian Thorsen

Saksliste:

Sak 27-24 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader til referat eller innkalling.

Sak 28-24 Meldingar og skriv

Silje delte ut årsmelding og informasjon frå Sunnhordland prosti.

Sak 29-24 Venelag for Lykling kyrkje

Leif Steinar Sakseide har vore å sett på kva som må/bør gjerast på kyrkja utvending. Han er heime i slutten av mai, og kan ev. starte arbeid i og rundt kyrkja då.

Elisabeth Bjørnevik og Inger Sele ynskjer å vera med i styringsgruppa.

Det vil bli kalla inn til møte i styringsgruppa og dugnadsgruppa i juni.

Sak 30-24 Førebuing til konfirmantgudsteneste

Alt under kontroll.

Sak 31-24 Rapportering av behov til fellesrådet

Framleis behov for ny varmepumpe.

Sak 32-24 Evaluering av konfirmantgudsteneste 25. april

Fin gudsteneste og nøgde konfirmantar.

Sak 33-24 Skaparverket sin dag 2024

Dato er 9. juni. Planlegging for noko utover gudstenesta, blir tatt opp i møte 5. juni.

Sak 34-24 Offersøknad/kollekt for hausten

Sissel og Roald presenterte eit forslag som vart vedteke:

Forslag til offerliste hausten 2024

01.sept. kl 11.00 Kanaldagsgudsteneste----- Kyrkjelydsarbeidet

15.sept. kl 11.00 Konfirmantpresentasjon ----- - Kyrkjelydsarbeidet

29.sept. kl. 11.00----- Bibelselskapet

13.okt.kl 19.00----- NKSSL

27.okt. kl 11.00 Barnebibel til 4 åringar ----- Kyrkjelydsarbeidet

17.nov.kl 11.00 ----- Stefanalliensen

24.nov. kl 11.00 -----Kyrkjelydsarbeidet

01.des. kl 16.00 Lysmesse ----- Frelsesarmeen

des. kl 17.00 julekonsert----- - Kyrkjemusikalsk arb.

24.des. kl 16.00 ----- Sangaste

26.des. kl 11.00 ----- Sjømannskyrkja

Sak 35-24 Ymse

Moster 2024 – deltaking på gudsteneste

Soknerådet er bedt om å stille med 6 kyrkjevertar. Silje høyrer med vara og ev. andre om det er nokon som har lyst og høve til å vera med.

Innsettingsgudsteneste av Laila den 26. mai i Bømlø kyrkje

Silje stiller som kyrkjevert

Lillian lager kake for allergikarar

17. mai gudsteneste + markering ved støtta

Soknerådet kjøper inn og betaler krans til markering ved støtta.

Neste soknerådsmøte er 5.06.24 kl 1900 i Lykling kyrkje.